

Referat frå styremøte 12.09.2017

Møtestad; møtelokala til Noregs Ungdomslag i Øvre slottsgate 2 b, Oslo

Tilstades: Eli Ulvestad (leiar), Torbjørn Lauen Bergwitz, John Elvestad, Frode Aleksander Rismyhr, Anne Schiøtz (1 vara) og Tore Friis-Olsen (2 vara)

Forfall: Solveig Torgersen Grinder (nestleiar), Anne Lise Olsen og Linda Thiis

Frå kontoret: Kjærsti Gangsø

28/2017 Referat styremøtet 18.04.2017

Vedtak:

Referat frå styremøtet frå styremøtet 18.04.2017 blir godkjend.

29/2017 Orienteringar

Styret vart orientert om desse sakene;

- Status på kontoret
- Handverksskolen skuleåret 2017/2018
- Kursrekke Trebåtbygging
- Vevopplæringa
- Framtidsseminar (20 jubileum) 21.11.2017
- Høyriingsuttale UDIR om struktur i vg opplæring
- Innspel til Frivillighet Norge, frivillighetsmeldinga
- Handlingsplan, tiltak 2017
- Rekrutteringskampanjen "Krik og krok"
- Lesarinnlegg "Vi treng alle ein flokk"
- Handverk +
- Møte i Kulturalliansen 19.09.2017

Vedtak:

Orienteringane blir tatt til informasjon.

30/2017 Rekneskapsrapport 31.08.2017

Styret gjekk gjennom rekneskapsrapporten.

Vedtak

Rekneskapsrapport 31.08.2017 blir tatt til vitande.

31/2017 Søknad om samarbeidsavtale

Det låg føre søknad om samarbeidsavtale frå Forbundet for norske museumsvenner.

Vedtak:

Styret godkjenner samarbeidsavtale med Forbundet for norske museumsvenner.

32/2017 Evaluering Arendalsuka

Skriftleg evaluering av deltaking på Arendalsuka var utsendt på førehand. Konklusjonen var at Studieforbundet bør halde fram med deltaking og starte planlegging av program ved årsskiftet.

Vedtak

Studieforbundet deltek på Arendalsuka også i 2018 og startar planlegging i lag med aktuelle medlemsorganisasjonar og VOFO ved årsskiftet.

33/2017 Tilretteleggingstilskot, korleis nå ut til fleire deltakarar.

Jfr Voksenoppolæringsloven og forskriftene er tilskot til studieforbund delt i 3; opplæringstilskot, grunntilskot og tilretteleggingstilskot. Saksa frå forskrift;

" Tilretteleggingstilskuddet gis som et tillegg til opplæringstilskuddet. Tilretteleggingstilskudd fastsettes på grunnlag av antall kurstimer gjennomført av deltagerne med dokumentert behov for særskilt tilrettelegging av undervisningen. Det skal foreligge materiale som redegjør for grunnlaget for at det trengs særskilt tilrettelegging av undervisningen. Tilskudd etter tredje og fjerde ledd beregnes på grunnlag av kurstimer de to siste årene som det foreligger statistikk for per 1. januar i tilskuddsåret.

Det låg føre eit notat med framlegg om endring i korleis tilretteleggingstilskotet blir nytta. Målet med ny ordning er å få med fleire deltakarar, også deltakarar som treng særskild tilrettelegging. Her under utvikle gode system for å dokumentere kva tilrettelegging arrangøren må sette i verk.

Vedtak:

1. Studieforbundet sin praksis i bruk av tilretteleggingstilskotet for målgrupper med om lag same behov for tilrettelegging blir endra.
2. Timesats for kurs der ein eller fleire av deltakarane må ha særskild tilrettelegging blir sett til 135,-. Kr 45,- pr time blir henta frå tilretteleggingstilskotet. Ekstra tilrettelegging skal dokumenterast
2. Timesatsen blir vurdert i samband med revidering av budsjett 2018

34/2017 Bruk av opplæringstilskot – prioriterte kurs og målgrupper

Landsdekkeande kurs, arrangert av Studieforbundet etter vedtak i styret og/eller årsmøtet er prioriterte kurs med høg kostnad. Desse kursa ligg på eit høgare fagleg nivå enn ordinær kursverksemd, og er ofte knytt opp mot offentleg læreplan etter blir gjennomført i samarbeid med Universitet/høgskule. Kontoret la fram notat med framlegg om å auke tilskottsatsen for desse kursa, slik at Studieforbundets kostnad blir en kurskostand og ikkje ein administrasjonskostnad.

Vedtak:

Det blir innført ny tilskotssats for landsdekkande kurs arrangert av Studieforbundet. Satsen blir satt til kr 450,- pr gjennomført kurstime (med lærar) Det er ein føresetnad av kurset blir arrangert i samarbeid med ein eller fleire av medlemsorganisasjonane, og at kursa ligg i vedteken Handlingsplan.

35/2017 Innspel Kulturdepartementet , kulturmelding og frivillighetsmelding

Styret diskuterte innretning på innspel som skal sendast til Kulturdepartementet. Kontoret utarbeider framlegg som skal på høyring til styremedlemmane. Innspela skal bygge på innhaldet i notat sendt til Frivillighet Norge.

Ved protokollen
Kjærsti Gangsø